

**2/2013**

**NOTAT**

Johann Roppen

## **“KVEN ER VI?”**

Ei granskning av norske journaliststudentar



**HØGSKULEN I VOLDA**



**MØREFORSKING**

<b>Forfattar</b>	Johann Roppen
<b>Ansvarleg utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>ISSN</b>	1891-5973
<b>Sats</b>	Forfattar
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/notat">http://www.hivolda.no/notat</a>

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

### **Om notatserien**

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

## Føreord (2013)

Dette studentarbeidet handlar om norske journaliststudentar i 1988, og vert med dette gjeve ut i notatserien til Høgskulen i Volda.

Grunnen til at arbeidet vert gjeve ut i notatserien er at oppgåva frå tid til annan vert etterspurta av forskrarar og studentar som er opptekne av korleis journalistutdanning har utvikla seg, og det har ikkje vorte gjort så mange liknande arbeid viser det seg. I så måte var tidlegare medstudent Aslaug Holm småprofetisk då ho slo fast at dette var ei oppgåve som kunne bli viktig!

Oppgåva vart skiven som semesteroppgåve i faget massekommunikasjon på journalistutdanninga ved det som då heitte Møre og Romsdal Distrikthøgskule Volda. Empirien var eit spørjeskjema som vart distribuert til alle studentane på dei fire utdanningane på høgskulenivå som fanst den gongen.

Rettleiar var Ketil Jarl Halse som ved å ta direkte kontakt med dei andre journalistutdanningane i Noreg til å hekte seg på prosjektet og sikra ein brukbar svarprosent. Sigurd Høst køyrdé tabellane. Som dosent ved Medielinja var Høst oppsett med avdelingas raskaste datamaskin og erfaring med SPSS frå sine tidlegare forskargjerningar. For dei nostalgitiske gjer eg særskilt merksam på tabellutskriftene som ligg som vedlegg i siste del av oppgåva, og ber dei hugse på den magiske men galskapsfremjande lyden av ein matriseskrivar i seine nattetimar.

Det kan vel vere på sin plass å takke Halse & Høst, 25 år på etterskot! Eg må nok seie at hadde ikkje denne oppgåva vorte gjennomført på ein bra måte, så hadde eg ikkje vorte medieforskar.

Oppgåva har vore tapt frå biblioteket ved Høgskulen i Volda ei tid, så denne utgjevinga er ein scanna versjon av forfattarens eige eksemplar av oppgåva. Komplett med einkilde munnlegeksamens-førebuande notat i margen.

Johann Roppen  
Volda, september 2013.

Johann Røppen 1988

# Studentarbeid

**dh**

**Møre og Romsdal  
distriktshøgskule  
6100 Volda**

"Kven er vi?"

Ei granskning av norske journaliststudentar

Hva er n?

Gjengang av norske forvaltsordetar

Marsklaum II

Semesteroppgåve i ~~mediekunnskap~~, hausten -88

Kandidat nr. 2878

Johan Røper

Innhald:

0.0 Innhald.....	3
1.0 Innleiing.....	5
1.1 Fleire og fleire journalistar.....	5
2.0 Utdanningsnivået til journalistar.....	5
2.1 Journalistar og høgre utdanning.....	5
2.2 Journalistar og artium.....	6
2.3 Færre med berre grunnskule.....	6
3.0 Fagutdanning i journalistikk.....	6
3.1 Journalistane og fagutdanninga.....	7
4.0 NRK.....	7
5.0 Høgskuleutdanning i journalistikk.....	8
5.1 Kompetanse.....	8
5.2 Sterk auke i studieplassar.....	9
5.3 Sterk konkurranse.....	9
5.4 Andre studietilbod.....	10
6.0 Journalistutdanninga i eit sosiologisk perspektiv.....	10
6.1 Journalistar: Sosiale kameleonar.....	10
6.2.1 Oppretthalde status.....	11
6.2.2 Yrkesstatus.....	11
6.3 Auka lønningar = auka status?.....	11
6.4 Kjønnsfordeling.....	12
7.0 Hypotesar om journalist-studentar og journalist-utdanningar.....	12
7.1 Utdanning - ein ulikskap som blir reproduksert.....	12
7.2 Kvinner frå høgre sosiale lag.....	12
7.3 Kvinner har betre utdanning.....	12
7.4 Lettare med lang utdanning.....	13
7.5 Rett i jobb.....	13
7.6 Lettare i byar.....	13
7.7 Fleire med nærradio-praksis.....	13
7.8 Språk.....	13
7.9 Rangering av studiestadene.....	13
7.10 Andre spørsmål.....	14
8.0 Metode.....	14
8.1 Respons på spørjeskjemaet.....	15
9.0 Kontroll av hypotesane.....	16
9.1 Høgre utdanning - ein ulikskap som blir reproduksert.....	16
9.1.1 Utdanning mor.....	16
9.1.2 Utdanning far.....	16
9.1.3 Yrkesbakgrunnen til foreldra.....	17
9.1.4 Yrke mor.....	17
9.1.5 Yrke far.....	18
9.1.6 Konklusjon.....	19
9.1.7 Samanlikning med 1974 journalistane.....	19
9.2 Kvinner frå høgre sosiale lag.....	19
9.3.0 Kvinner har betre utdanning.....	20
9.3.1 Utdanninga til kvinnelege og mannlege studentar.....	20
9.3.2 Praksisen til kvinnelege og mannlege studentar.....	20
9.3.3 Konklusjon.....	21
9.4 Lettare med lang utdanning.....	22
9.5 Rett i jobb.....	23
9.6.0 Lettare i byar.....	23
9.7 Fleire med nærradio-praksis.....	25
9.8 Språk.....	25
9.9.0 Rangering av studiestadene.....	26
9.9.1 Evaluering av studia.....	26

9.9.2.0 Kvifor denne studiestaden?.....	27
9.9.2.1 "Nærleik, geografi".....	27
9.9.3 Søknad mellom studiestadane.....	27
9.9.4 Alder.....	28
9.9.5 Utdanning før studiet.....	28
10.1 Venstrevridde journaliststudentar.....	28
10.2 Venstrevridde journalistar.....	29
10.3 Venstrevridde NRK folk.....	29
10.4 Venstrevridde danskar.....	29
10.5 Politisk line til arbeidsgivar.....	30
11.0 Haldningar til profesjonelle verdiar.....	30
12.0 Massemedia sine oppgåver.....	32
13.0 Samanfatting, konklusjonar.....	33
13.1 Validitet.....	33
13.2 Samanlikningsgrunnlag.....	33
13.3.0 Konklusjon.....	34
13.3.1 Skeiv rekruttering.....	34
13.3.2 Kvinnene frå finast folk.....	34
13.3.3 Utdanning, språk m.m.....	34
13.3.4 Geografi er viktigast.....	34
13.3.5.1 Nye er nøgde.....	34
13.3.5.2 Patriotisme?.....	35
13.3.6 Politiske haldningar.....	35
13.3.7 Profesjonelle verdiar.....	35
13.3.8 Haldningar til framtidige arbeidsgivarar.....	35
13.3.9 Sjølvmotseiingar, eller?.....	35
14.0 Tabell register.....	37
15.0 Litteraturliste.....	38
15.1 Primærlitteratur (573 s.).....	38
15.2 Sekundærlitteratur.....	39
16.0 Framlegg til vidare forsking.....	40
16.1 Profesjonalisering.....	40
16.2 Spørsmål.....	40
16.3 Forbetringar av denne granskingsa.....	40
16.4 Oppfølging av granskingsa.....	41
17.0 Spørjeskjema, kodetabell.....	42

## 1.0 Innleiing:

Det er populært å bli journalist i dag, sjølv om mange avis konkursar i det siste kanskje har dempa populariteten noko.

Søknaden til journaliststudia speglar av denne populariteten. På det mest populære studiet er det berre ein av tretten søkerar som kjem inn.

Kven er det som vil bli journalistar og dermed studerer journalistikk?

*Burde halde vekt til den prakt. tilleggsutdanninga.*

Det skal denne oppgåva handle om.

*grunnlaget.*

### 1.1 Fleire og fleire journalistar:

Talet på journalistar har auka sterkt dette hundreåret. Tabellen nedanfor viser det tydeleg.

SSB  
Statistisk sentralbyrå



1920:	629	1960:	1.811
1930:	864	1970:	3.008
1940:	1.321	1980:	4.000 (
1950:	1.444	1988:	5.033 *)

\*) Talet for 1988 gjeld medlemmer i Norsk Journalistlag (NJ) (Kjelde: Mette Heiland, NJ). NJ har auka medlemstalet sitt sterkt dei siste åra. Dette har både kome av at det har blitt oppretta stadig fleire stillingar som blir rekna som journalistiske, og stadig fleire journalistar har organisert seg i NJ. I 1978 hadde NJ 2.805 medlemmer. Den årlege auken i talet på medlemmer i tida 1978 til 1988 har dermed vore over 220.

## 2.0 Utdanningsnivået til journalistar:

### 2.1 Journalistar og høgre utdanning:

I 30-åra begynte mange akademikarar å arbeide som journalistar. Dei vanlege akademikar-jobbane var det smått med, og journalistikk vart dermed ein redningsplanke (Lorentzen/Høy -76 s. 30).

Deira granskning frå 1974 synte at blant dei eldste journalistane (over 15 års ansiennitet) var det 11 prosent som hadde universitets- eller høgskuleeksamen.

I etterkrigstida minka talet på akademikarar i pressa. Akademikarar hadde bra med jobbar å velje mellom, og færre valde aviser som arbeidsgivar.

Rundt 1970 ser det ut til at vi fekk ein snunad. Truleg har talet på akademikarar i pressa auka sidan då. Lorentzen/Høyre si granskning synte at i 1974 hadde 16 prosent av journalistane med under 5 års ansiennitet full universitets- eller høgskuleeksamen. For kollegaene som hadde mellom fem og femten års ansiennitet var det berre halvparten så mange som hadde det (8 prosent).

Tal frå Norsk journalistlag (NJ) kan tyde på at utdanningsnivået stadig har betra seg sidan då.

I 1987 hadde 62,5 prosent av NJ sine nye kvinnelege medlemmer utdanning over artiumsnivå. For menn var talet 42 prosent. Desse tala gjaldt berre nye journalistar, ikkje journalistar som hadde skifta fagorganisasjon.

Om lag 25 prosent av desse nye journalistane hadde universitetseksamener frå cand. mag (adjunkt) og oppover.

## 2.2 Journalistar og artium:

Utdanning på artiumsnivå (allmennfagleg studieretning i vidaregåande skule) er i dag som regel minstekravet for å få arbeid som journalist. Journalistavtalen tek utgangspunkt i artium. Og utdanning på artiumsnivå er til vanleg minstekravet for å kome inn på journalistskulane.

I 1965 hadde 57 prosent av alle journalistar artium eller betre utdanning.

Ni år etter, i 1974 hadde 82 prosent av alle journalistar artium eller høgre utdanning. Ein auke på 25 prosent på ni år.

Norsk journalistlag sine tal viser at av dei nye medlemmene i 1987 hadde over 90 prosent av journalistane artium.

## 2.3 Færre med berre grunnskule

I takt med at fleire og fleire nye journalistar er akademikarar og folk med artium, minkar talet på journalistar som har berre folkeskule.

I granskingsa si finn Lorentzen/Høyre at talet på journalistar med berre folkeskule minka mykje etter 1960. Blant journalistane som hadde ~~berre~~ 5 års praksis i 1974 var det berre tre prosent som hadde folkeskule som høgste utdanning. Blant journalistane med over femten års ansiennitet var det 9 prosent som hadde folkeskule som høgste utdanning.

I NJ si granskning av dei nye medlemmene i 1987 var det ~~berre~~ 1,5 prosent av dei mannlige journalistane og 0,2 prosent av dei kvinnelege hadde berre ungdomsskule-utdanning.

## 3.0 Fagutdanning i journalistikk:

I Noreg har det aldri vore noka sjølvfylgje at journalistar har fagutdanning i journalistikk. Her på berget fanst ikkje høgre fagutdanning i journalistikk før i 1965. Då hadde til dømes USA hatt journalistutdanninger på fleire universitet i nesten 100 år.

(Meldinga vrem f. polit. And.)

# N B! Norsk bladmanarkulen

I 1965 overtok staten Norsk journalisthøgskule og gjorde den eittårig. Før det var det avisene sjølv gjennom Norsk presseforbund som dreiv journalistutdanning i Noreg. Det skjedde gjennom forgjengaren for journalisthøgskulen, Norsk journalistakademi. Akademiet var ope berre for journalistar som alt arbeidde innanfor pressa. Studietida var fire veker ved dei første kursa like etter krigen, men vart utvida til åtte månader då det kom skikkeleg i gjenge rundt 1950.

## 3.1 Journalistane og fagutdanninga:

I ei gransking i 1965 fann Anita Werner at 16 prosent av journalistane hadde fagutdanning i journalistikk. Ho rekna då fagutdanning for kurs som varte i fire månader eller lengre (Werner -66, s.16). Ho referer også til ei gransking frå 1958 der det viser seg at 27 prosent av journalistane har fagutdanning og eller kurs. Men i denne granskingsa er minste kurslengde berre fire veker.

I si gransking frå 1974 kom Lorentzen/Høyre også til at 16 prosent av alle journalistar hadde fagutdanning.

Men på dei ni åra som var gått mellom dei to granskingsane har talet på journalistar auka med rundt rekna over 1.200.

Norsk journalistlag sine tal frå i fjar syner at 13 prosent av dei manlege og 26 prosent av dei kvinnelege journalistane hadde journalistutdanning godkjent av NJ.

Igjen har vi hatt ein svært sterk auke i talet på journalistar. Mellom 1974 og 1988 vart det, igjen rundt rekna 1.500 nye journalistar.

Utdanningane som er godkjende av NJ gjennom journalistavtalen er Norsk journalisthøgskule, medielinja ved DH i Volda, journalistutdanninga i Bodø, pressefotografkulen i Fredrikstad og fleire utanlandske utdanninger.

Journalistutdanninga i Rogaland er ikkje formelt godkjend ennå. Men i praksis vil journalistane utdanna i Rogaland bli likestilte med journalistane frå dei andre norske skulane, *når den er førdige i utdanning*. Studentar med papir frå folkehøgskular, mellom dei Gimlekkollen, vil NJ ikkje godkjenne som fagutdanna journalistar.

## 4.0 NRK:

NRK sine program medarbeidarar har alltid vore ein "elite" i høve til sine kolleger i pressa. Dette har kome av at tidlegare var lønningane i NRK for det meste betre enn i pressa. Tidleg på åtti-talet begynte lønningane i pressa å skyte i veret, og i dag er situasjonen snudd på hovudet.

I "Maktutredningen" (NOU 82:30) vert det opplyst at NRK har om lag 900 program-medarbeidarar. Ei gransking frå 1981 syntet at nesten 90 prosent av medarbeidarane hadde artium eller høgre utdanning. (Maktutredningen - s.267).

Østbye!!!

Ei granskning som Helge Østbye la fram i 1977 stadfestar inntrykket av NRK medarbeidarane som velutdanna folk. På grunnlag av opplysningar frå personalavdelinga til NRK kunne Østbye fortelje at 50 prosent av NRK sine program medarbeidarar hadde universitets- eller høgskuleutdanning, 38 prosent hadde artium som høgste utdanning, og 11 prosent hadde lita utdanning utover folkeskule.

Østbye fann også at ti prosent av medarbeidarane hadde journalistutdanning (Utan at omgrepene blir definert). 12 prosent var utdanna lærarar, 48 prosent hadde universitetsfag, og sju prosent hadde ymse kunstnarlege utdanningar.

#### 5.0 Høgskuleutdanning i journalistikk:

St. 44 (Utd.)

TV-2

Heilt frå 1972 og fram til 1987 fanst det berre to journalistskular på høgkulenivå i Noreg. Desse var Norsk Journalisthøgskule i Oslo og medielinja ved Distrikthøgskulen i Volda. Desse tok opp til saman 85 studentar ~~per~~ året. Journalisthøgskulen gir undervising i avisjournalistikk med radio- og TV journalistikk som sidefag. Medielinja i Volda gir undervising i avis- og radiojournalistikk og tv/video produksjon.

Volden (82) har sett vekk frå mediestudentane som vel tv/video fordjuping. I denne oppgåva har eg teke med desse studentane. Årsaka er at viss 2.klassingane skulle kuttast ut, så burde også 1.klassingane silast etter kva fordjupingsplanar dei hadde. Dette ville bli svært vanskeleg, då studentane er nokså ferske og berre dei færraste har bestemt seg for fordjuping. Dessutan vurderer eg tv/video studentane først og fremst som journalistar.

Av svara kom det fram at somme tv/video folk ikkje ser på seg sjølve først og fremst som journalistar, men filmfolk.

Journalisthøgskulen auka talet på studentar til 60 ved inntaket i 1988.

Same året sette medielinja i Volda i gang eit vidaregåande studium (3.år) i dokumentarfilm-produksjon. (I denne oppgåva er desse studentane haldne utanfor)

I 1987 vart det sett i gang høgskulestudium i journalistikk ved høgskulesentra i Nordland og Rogaland. Begge studia har i dag 30 studieplassar. Dei gir undervising i avisjournalistikk.

(1r) Stav 31!!  
(2e18(21)42

#### 5.1 Kompetanse og ansiennitet:

- Journalistar taper ikkje noko i lønnsansiennitet på å studere. Dei fleste studium, også journaliststudia, gir eit års lønnsansiennitet for kvart studieår. I det akademiske grads-systemet tel utdanningane som to årseininger og gir til saman 40 vekttal. Universiteta er berre viljuge til å godta journalistutdanningane som 20 vekttalsfag.

## 5.2 Sterk auke i studieplassar:

Frå 1987 til 1989 vil talet på studieplassar i journalistikk ha auka sterkt.

Før 1987 fanst det om lag 160 studieplassar. Om lag 70-80 blei uteksaminert per år.

I 1989 vil det finnast 260 studieplassar. Dermed har vi hatt ein auke på over 60 prosent, på to år.

Årleg vil det då frå 1989 bli uteksaminert rundt 130 journalistar i året. Trongen for nye journalistar har dei ti siste åra vore vel 200 i året (sjå 1.1 Fleire og fleire journalistar).

Trass i denne auken er det altså ennå eit stykke att til *N80:81:44* journalistskulane kan stette trongen for nye journalistar. *(andretid)*  
*(Mangler data fra nye gjennom.)*

I Danmark er det heilt andre tilhøve. 95 prosent av alle nye journalistar kjem frå journalisthøgskulen. (Ejbye-Ernst -82, s. 181) Skulen tek opp 180 studentar i året.

## 5.3 Sterk konkurranse:

Studieplassane i journalistikk er populære. Tabellen nedanfor viser kor mange som søkte på studieplassane ved høgskulane til opptaket hausten -88:

Tabell 2 : Studieplassar og søknad, journalistutdanningane

Studiestad	Plassar	Søknader	
Bodø	15	200	1 av 13 kom inn (7,5%)
Volda	40	470	1 av 12 kom inn (8,5%)
Oslo	60	340	1 av 6 kom inn (17,6%)
Stavanger	21	176	1 av 8 kom inn (11,9%)
Totalt	136	1186	1 av 9 kom inn (11,5%)

Opptakskriteria ymsar litt frå stad til stad. I Bodø og Stavanger er det er ikkje nødvendig med praksis for å bli teken opp som student.

Volda og Oslo krev at studentane har litt praksis.

Den harde konkurransen fører til at dei aller fleste har praksis før dei begynner på studia. For å kome inn treng dei fleste opptakspoengen som praksis gir.

Av fleire grunnar blir ikkje talet på uteksaminerte like stort som talet på opptekne studentar. Ikkje alle møter fram når undervisninga tek til, og nokre fell frå etter kvart. Talet på studentar som blir uteksaminert i 1990 vil difor liggje lågare enn talet på studieplassar i 1988.

St. 44/87-88  
A/S 44. (Presse...)  
~~A/S 44.~~

#### 5.4 Andre studietilbod:

Universiteta i Oslo og Bergen har hatt institutt for presseforskning (Oslo) og institutt for medieforskning (Bergen). I 1986 oppretta Universitetet i Bergen institutt for massekommunikasjon. Året etter oppretta Universitetet i Oslo eit tverrfagleg institutt som førebels gir grunnfagsundervising i media og kommunikasjon.

Universitetet i Bergen har eit studium i TV-arbeid, DH på Lillehammer eit liknande.

Universitetet i Trondheim har sitt institutt for drama, film og teater. Hovudfagstudentane kan fordjupe seg i film og video. Oppland Distriktshøgskule på Lillehammer har to-årig studium i fjernsynsregi.

- 2 Gimlekollen mediesenter i Kristiansand har i mange år hatt ei privat eitt-årig medieutdanning og fekk den i fjar mellombels godkjent som høgskuleutdanning.  
15 lærarhøgskular har undervisingstilbod i mediekunnskap.  
Sju folkehøgskular har mediefag blant sine tilbod.

(Kjelde: Pressepermen 1988)

#### 6.0 Journalistar i eit sosiologisk perspektiv

##### 6.1 Sosiale kameleonar:

Journalistar vil gjerne sjå på seg sjølve som sosiale kameleonar. Som kan prate like naturleg med ein direktør som med ei husmor.

Han kan vere "på hat med spidserne og du's med bisserne" (Henrik Cavling, sitert av Ernst -82)

Den norske journalisten Theo Findahl rekna journalisten for ein fri yrkesutøvar, med same status som ein kunstnar.

Utan tvil er det viktig for journalistar å lett kunne prate med kven som helst, men det stemmer nok ikkje at journalistar står utanfor andre sosiale lag.

Granskningar av journalistar sin sosiale bakgrunn syner at fleirtalet av journalistane kjem frå høgre sosial lag. Faren til ein journalist er gjerne sjølvstendig næringsdrivande, akademikar eller funksjonær. (Sjå til dømes NOU:82 s.231)

Tal frå USA syner at kvite menn frå middelklassen og overklassen er overrepresentert blant journalistar. (Johnstone, John W.C m.fl. "The news people" -76)

I Danmark finn vi det same tilhøvet: "... sammenlignet med befolkningens inndeling i de sociale statuslag kommer journalister overvejende fra de højere lag." (Ejbye-Ernst -82, s.187)

Her gjeld sitatet rett nok for danske journaliststudentar, men i Danmark blir nesten alle journalistar rekruttert frå den danske journalisthøgskulen.

### 6.2.1 Oppretthalde status:

Høyre skriv også at dei fleste gjennom yrkesvalet freistar å oppretthalde, eller auke, den sosiale statusen dei er fødde inn i. ~~Værkt~~ Gravør.

Det vil seie at vi vel yrke med ein status som er like høg, eller helst høgre enn det yrket far og mor har.

### 6.2.2 Yrkesstatus:

D

Populariteten til eit yrke blir bestemt av lønnsnivå, arbeidsvilkår og ~~sosial prestisje~~. Endringar i eit av desse tilhøva vil oftaast få fylgjer for dei to andre.

Når lønningane og arbeidstilhøva blir betre, vil populariteten auke. Og truleg vil journalistane få auka sosial prestisje som ei fylgje av dette. ~~eller an vendt?~~

Akkurat dette skjedde i norsk presse i frå slutten av 70-åra og fram til 1986. Lønningane steig enormt som ei fylgje av gode tider for avisene.

### 6.3 Auka lønningar = auka status?

U.S. tal:

Gransking av de  
hittil til  
(kor. verdien)

Svennik Høyre referer til mange granskinger av korleis journalistar blir rangerte av folk flest. "De fleste undersøkelser plasserer journalistene trygt i middelklassens midtre eller lavere del." (Høyre 82, s.197)

Eg vil tru at journalistyrket har blitt høgre rangert som ei fylgje av høgre lønningar. Den store søknaden til yrket kan tyde på at i det minste ungdom vurderer journalistyrket høgt.

Ei gransking av studentane ved Journalisthøgskulen for åra 1965-1974 synte at ein stadiig større del av elevane/studentane hadde akademisk utdanning før studiet. Auken var frå 4 prosent i 1965, til 13 prosent i 1971 då skulen blei høgskule, til 65 prosent i 1974. (Magnus, Kirsten Beate -75. Attgjeve av Lorentzen/Høyre - 76)

I dag har rundt 80 prosent av studentane ved Journalisthøgskulen studert før dei begynner på journalistutdanninga. Av alle journaliststudentane har over 85 prosent akademisk utdanning før journaliststudiet.

(Granskingsa desse tala kjem frå blir nærmare omtala seinare i oppgåva)

Tidlegare har vi nemnt at vi prøver å få betre jobbar enn foreldra våre.

Til saman skulle dette tyde på at journalistyrket har betra sin status dei seinare åra.

Men vi skal ikkje sjå bort frå at det kan vere av andre grunnar enn ynskje om å oppnå status som trekkjer unge folk til journalistikken. Det kan synast som om journalistyrket framleis er omgjeve av mytar, når over 90 prosent av studentane meiner det er viktig at det perfekte yrket for dei er spennande.

#### 6.4 Kjønnsfordeling

Tradisjonelt har dei aller fleste journalistar vore menn. Kvinnene har sikkert men sakte vorte fleire i redaksjonane.

I 1930 var seks prosent av medlemmene i Norsk presseforbund kvinner. Delen auka til ti prosent 1965 og 14 prosent i 1974.

Blant dei nye medlemmene i NJ i 1987 var det over 40 prosent kvinner. Og på journalistskulane er det klart flest kvinner som søker (Opplysningar frå skulane). *Må dokumentarist.*

#### 7.0 Hypotesar om journaliststudentar og journalistutdanningar:

Det kan trekkjast mange slutningar av det som står ovanfor. Nedanfor kjem nokre, som eg vil freiste å få avkrefte eller stadfesta gjennom granskninga.

##### 7.1 Høgre utdanning - ein ulikskap som blir reproduusert

Journalistutdanning er lukka, høgre studium. Utdanning er ein ulikskap som blir reproduusert (Martinussen -84, s.302). Det er då rimeleg å tru at dei fleste journaliststudentar har foreldre som enten har høgre utdanning, er funksjonærar eller sjølvstendig næringsdrivande. I det minste høyrrer dei til i høgre sosiale lag.

Journalistar som gruppe har tradisjonelt hørt til middelklassen, (og har kome frå middelklassen.) Dermed skulle journaliststudia også appellere til folk frå middels og høgre sosiale lag.

På den andre sida er utdanning ein måte å "klatre i systemet" på, vise sosial mobilitet, skifte til ein høgre samfunnsklasse. Ungdom frå lågare sosiale lag kan altså nytte utdanning til å klatre opp til ein høgre klasse. Ein skal heller ikkje sjå vekk frå at ein del av desse ynskjer å bli journalistar for å fremje ein politisk bodskap. *Myggar ungsfab? (V)*

##### 7.2 Kvinner frå høgre sosial lag

Kvinnelege journaliststudentar kjem for det meste frå høgre sosial lag. Journalistikk er eit heller nytt yrke for dei fleste kvinner og som regel plar kvinner frå høgre sosiale lag vere først ute. Dette synte då også granskninga til Lorentzen/Høyre. Dei kvinnelege studentane skulle etter dette kome frå høgre sosiale lag enn dei mannlege studentane.

##### 7.3 Kvinner har betre utdanning

Kvinnene er minst like godt representerte som mennene. Men kvinnene har betre utdanning, og noko därlegare praksis enn mennene. Dette viser tidlegare granskinger (Lorentzen/Høyre).

#### 7.4 Lettare med lang utdanning

Opptaksriteria favoriserer dei med lang, høgre utdanning og lang praksis.

Det er rimeleg å tru at fleirtalet av studentane har lang utdanning og ikkje lang praksis. Fordi du som regel bind deg økonomisk og sosialt (lån til bil og hus, ekteskap) når du har arbeidd nokre år. Slike bindingar har studentar som regel mindre av, og står dermed friare til å ta ei to-års utdanning etter kanskje to-tre års høgre utdanning. *Praksis → Utd. målde?*

#### 7.5 Rett i jobb

Journaliststudiet blir som regel siste utdanninga for studentane. Dei vil eller må begynne i arbeid etterpå. Både av økonomiske grunnar, og fordi dei vil ut og praktisere yrket sitt. Men den økonomiske stoda i pressa kan tvinge fleire til å studere meir enn planlagt eller begynne å arbeide i andre yrke.

#### 7.6 Lettare i byar

Dei fleste høgskular og medieverksemder ligg i sentrale strok - i byar. Byungdom har dermed høvesvis betre mulegheiter til å få fagutdanning enn praksis enn ungdom frå bygder og mindre sentrale strok. Både utdanning og praksis er nødvendig for å kome inn på eit journaliststudium. Dette vil vise att blant journaliststudentane på den måten at studentar frå byar er høvesvis betre representert enn studentar frå mindre sentrale strok.

#### 7.7 Fleire med nærradiopraksis

Praksis er nødvendig for å kome inn på journalistutdanningane. Nærradiobølgja har gitt mange studentar den nødvendige praksisen for å kome innpå journaliststudia. Nærradio er vanlegare praksis enn avis.

Nærradiopraksisen er nesten alltid gratisarbeid - gjerne for ideale organisasjonar. Og dei fleste nærradioane ligg i byar.

#### 7.8 Språk

Viss det er korrekt at søkerar frå byar og sentrale strok har betre mulegheiter til å kome inn på studia, så skulle det vere høvesvis fleire studentar som nyttar bokmål enn i resten av folket.

I alle byar er bokmål skulespråk - og avisspråk. Og alle riksavisene i Oslo nyttar bokmål.

#### 7.9 Rangering av studiestadene

Journalisthøgskulen i Oslo har ei historie frå før 1972, og er til vanleg rekna som den staden som har best ressursar. Studentane skal etter dette rangere journalisthøgskulen på topp, med Volda som nummer to og Bodø/Stavanger som nummer tre. Men Volda har fordjupingar (Radio og tv/video) som dei andre ikkje har. Studentar som har planar om desse fordjupingane vil truleg rangere Volda høgst, ha høgst ønskje om å studere der.

Søkjarar frå Sør-vestlandet og Nord-Noreg vil truleg ha ein tendens til å velje først den skulen som ligg nærast heimstaden. Dette siste må vi kunne tru gjeld for ungdom frå Oslo/Austlandet og Journalisthøgskulen og medielinja i Volda for ungdom frå Nordvestlandet.

#### 7.10 Andre spørsmål

I tillegg til spørsmål som kunne gjer svar på desse hypotesane la eg inn spørsmål som skulle kartleggje haldningane til studentane, syn på samfunnsspørsmål, politisk haldning, foreningsaktivitet og andre.

Fleire av desse spørsmåla vart henta frå tidlegare granskingsar av journalistar og av ungdom. Resultata er berre presenterte der dei er relevante eller oppsiktvekkjande.

#### 8.0 Metode:

Dessé hypotesane var det eg i utgangspunktet ville ha stadfesta, eventuelt få dei avkrefta.

Ei spørjegranskning er ein høveleg metode for ei slik granskning. Det er ikkje gjort kvantitative granskingsar av journaliststudentar tidlegare. Det begynner også å bli ein del år sidan Lorentzen/Høyre gjennomførte sitt "gruppeportrett". *grathy*

Frå fagseksjonen på medielinja vart eg møtt med stor interesse for ideen om ei slik granskning. Meininga er å gjennomføre granskingsar liknande denne med jamne mellomrom. *blei*

Dermed blir denne granskingsa nærast eit pilotprosjekt. Og svært omfattande. *Kanskje for omfattande.*

*Slikhet*  
Spørsmåla, særleg dei som gjeld haldningar, er i stor grad henta frå tidlegare granskingsar. Gruppeportrettet til Lorentzen/Høyre har vore ei viktig kjelde for spørsmål, men også frå Østfoldundersøkelsen til IJ har eg henta spørsmål.

Framgangsmåten eg valde var å sende ut eit spørjeskjema til alle journaliststudentane ved dei fire høgskulane. I alt vart det sendt ut om lag 240 skjema. Dei kom for det meste tilbake i små dryp, og vart puncha etter quart.

Utvalet som blir brukt i granskingsa er på 134 skjema. Dette utgjer ein svarprosent i overkant av 55 prosent, og dette utvalet er brukt i drøftinga i resten av oppgåva.

Ein svarprosent på 55 er klart i underkant av det eg hadde vona på. Men då eg gjekk gjennom materialet syntet det seg at det var nokså eintydig. Det ser ut til å vere klare skilnader som gjeld studiestadene. Og samstundes klare likskapar som gjeld studentane som gruppe. Difor har eg valt å nytte heile det innkomne materialet i drøftinga av granskingsa, og ikkje berre avgrense granskingsa til medielinja i Volda, der svarprosenten var høg (sjå nedanfor).

Årsaka til låg svarprosent er ein kombinasjon av fleire ting.  
Alle skulane hadde avslutta fellesforelesingane då spørjeskjemaet  
vart sendt til dei. Studentane hadde altså ikkje vanleg  
undervising og var vanskelege å nå tak i. Dessutan nærma eksamen  
seg, og det er lite freistande å gå laus på eit spørjeskjema når  
du heller bør lese pensum.

Spørjeskjemaet (og kodenboka) ligg som vedlegg til oppgåva.

Svarprosenten frå kvart studium står nedanfor.

#### 8.1 Respons på spørjeskjemaet:

Medielinja, DH Volda:

Utsende skjema = talet på studentar: 75  
Innkomne skjema: 63

Svarprosent: 84%

Fordeling: 34 2. Media (37) 29 1. Media (39)

Journalisthøgskulen:

Utsende skjema = talet på studentar: 105  
Innkomne skjema: 45

Svarprosent 42,8%

Fordeling: 21 2. året (45)

24 1. året (100)

Journalistutdanninga i Bodø:

Utsende skjema = talet på studentar: 25  
Innkomne skjema 14

Svarprosent: 56%

Fordeling:

3 2. året (9)

11 1. året (15)

Journalistutdanninga i Stavanger:

Utsende skjema 35 (ca. 36 studentar)  
Innkomne skjema 12

34,3%

Svarprosent

Fordeling: 12 2. året (18)

0 1. året (18)

## 9.0 Kontroll av hypotesane:

### 9.1 Hypotese 1:

Den vanlege utdanninga til foreldra til journaliststudentane er høgre enn den gjennomsnittlige utdanninga i Noreg.

Tabellane nedanfor skulle vise svært klart at dette stemmer.

#### 9.1.1 Utdanninga til mor

Studentane er grupperte etter utdanninga til mor deira. resultatet er samanlikna med utdanningsnivået til norske kvinner over 16 år i 1985. (Kjelde, Statistisk årbok -88)

Tabell 3: Utdanninga til mor:

Kvinner

Gruppe/utdanning	Tal	%	Noreg -85
gruppe III Folkeskule, folkehøgskule, realskule)	29	24,1%	54,5%
gruppe II (Yrkesskule, gymnas, handelsskule)	46	38,3%	34,6%
gruppe I (høgre utdanning)	45	37,5%	10,9%
sum	120	100,0%	100,0%
Ikkje svar	13		

#### 9.1.2 Utdanninga til far

Vi nyttar same tabellen med same inndelinga. Einaste endringa er at no samanliknar vi resultatet med utdanningsnivået til norske menn i 1985. (Kjelde: Statistisk årbok 1988)

Tabell 4 : Utdanninga til far:

Gruppe/utdanning	Tal	%	Noreg -85
Gruppe III	12	10,6	44,9%
Gruppe II	36	31,9%	39,9%
Gruppe I	65	57,5%	15,2%
sum	113	100,0%	100,0%
Ikkje svar			21

Utifrå desse tala skulle det vere heilt klart at foreldra til journaliststudentane som gruppe så langt i frå er eit tverrsnitt av det norske folket. Dei fleste studentane har minst ein av foreldra i utdanningsgruppe I - med høgre utdanning. Som vi ser har 32 av 56 fedre høgre utdanning. 10,5 prosent av norske kvinner har høgre utdanning. Medan 37,5 prosent av mødrane til mediestudentane har høgre utdanning.

*Når*  
Den mellomste gruppa er underrepresentert når vi ser på fedrane si utdanning, og overrepresentert når vi ser på mødrane si utdanning.  
*Vil*

Gruppa med lågast foreldre utdanning er svært underrepresentert.

Vi bør også leggje til at for 20-30 år sidan var det langt færre av folket i Noreg som hadde høgre utdanning enn i dag. Så utdanninga til foreldra burde eigentleg vorte samanlikna med utdanningsnivået rundt 1960-65.

På den andre sida fortel utdanningsnivået i dag (framleis) mykje om den posisjon du har i samfunnet. Dessutan er journaliststudentane så spreidde i alder - og dermed foreldra deira - at det ville vere svært vanskeleg å finne ut kva for ~~eit~~ år som hadde vore det "rette" å samanlikne med.  
*Ja*

*høgvarblåba*  
Men utifrå dette kan vi ~~slå~~ fast at foreldra til journaliststudentane eigentleg er ei endå meir eliteprega gruppe enn det som eigentleg kjem fram i tabellane.

Utifrå dette talmaterialet må vi kunne slå fast at den stemmer, hypotesen om at foreldra til journaliststudentane i stor grad har høgre utdanning.

#### 9.1.3 Yrkesbakgrunnen til foreldra:

Det same tilhøvet finn vi når vi ser på yrkesbakgrunnen til foreldra til mediestudentane. Mediestudentane sine foreldre har for det meste høgstatusyrke som funksjonærar, akademikarar og sjølvstendig næringsdrivande.

#### 9.1.4 Yrke mor:

I tabellen nedanfor har eg samanlikna yrket til mødrane til journaliststudentane med yrkesfordelinga blant norske kvinner i fjor. Tala er henta frå Statistisk årbok 88.

Tabell 5: Yrket til mor:

Yrkesgruppe	Tal	%	N 87
Gruppe III (Ufør, pensjonist, arbeidsledig, heimeverande):	32	24,8%	33,3%
Gruppe II (Ufaglært arbeidar, gardbrukar, fagarbeidar, handv.)	29	22,5%	11,6%
Gruppe I (Funksjonærar, akademikarar, kunstnarar, journalistar, sjølvstendig næringsdrivande)	68	52,7%	55,1%
sum	129	100,0%	100,0%
Ikkje svar	5		

#### 9.1.5 Yrke far:

Vi nyttar same inndelinga som i førre tabellen, men no samanliknar vi yrket til far med kva yrkesfordelinga blant norske menn i fjar. (Kjelde: Statistisk årbok -88)

Tabell 6 : Yrket til far

Yrkesgruppe	Tal	%	N 87
gruppe III	7	5,6%	16,7%
gruppe II	32	25,4%	41,1%
gruppe I	87	69,0%	42,2%
sum	126	100,0%	100,0%
Ikkje svar	8		

Over to tredeler av fedrane og over halvparten av mødrene arbeider i høgstatusyrke.

Foreldra sin bakgrunn er rekna for å vere ein god indikator på kva sosiale gruppe familien høyrer til. Inndelinga vi har nytta her, I, II, III skulle gi eit bra samsvar mellom utdanning og yrkesstatus.

### 9.1.6 Konklusjon:

Journaliststudentane sine foreldre kjem i svært sterk grad frå det vi kan kalle eliten i samfunnet. Dette ser vi tydelegast når vi ser på kva bakgrunn fedrane har, men tendensen er tydeleg også for mødrene sin del.

Om lag 60 prosent av ~~fedrane til~~ journaliststudentane har fedre med høgre utdanning ~~og~~ <sup>eller</sup> arbeider i høgstatusyrke. Vel 15 prosent av norske menn har høgre utdanning, og 42 prosent arbeider i yrke som vi har klassifisert som høgstatusyrke.

### 9.1.7 Samanlikning med 1974 journalistane:

Viss vi skal samanlikne direkte med resultata i Lorentzen/Høyers gransking frå 1974 må vi dele studentgruppa i to etter faren sitt yrke: Arbeidarar, gardbrukarar og fiskarar i den eine gruppa, Funksjonærar og sjølvstendig næringsdrivande i den andre gruppa.

Vi får då denne tabellen:

Tabell 7 : Journalistar 74 og 88 etter fars yrke:			
Faren sitt yrke:	Jour -74	J. stud. -88	Noreg -87
arbeidar, gardbrukar, fiskar	37%	31%	51,5%
Funksjonær, sjølvstendig	63%	69%	48,5%
sum:	100%	100%	100%

Av tabellen går det fram at journaliststudentane framleis kjem frå finare familiær enn journalistane som var med i 1974 granskingsa. Eller kanskje har utdanningsnivået og velstanden i Noreg endra seg mykje i positiv lei sidan 1974? I alle høve kjem både journalistane og journaliststudentane frå eliten i samfunnet.

### 9.2 Hypotese 2:

Kvinnlege studentar kjem frå høgre sosiale lag enn mennene.

Ny krysstabell. Denne gongen mellom kjønn og foreldra sine utdanninger og yrke.

Granskinger som det kan vere nyttig å samanlikne med opererer berre med utdanning og yrke til faren. Eg har ~~her~~ valt å sjå på foreldra sitt utdanningsnivå, og faren sitt yrke. I det første tilfellet er det meiningsa å samanlikne med offisiell statistikk, og i det andre vil eg samanlikne resultatet med tal frå tidlegare granskinger.

Når det gjeld utdanning, så har foreldra til dei mannlege og kvinnelege journaliststudentane like god utdanning på dei to lågaste nivåa. Men på det høgste nivået, høgre utdanning, viser det seg at 28 av mødrane til kvinnene har høgre utdanning, mot 17 for mennene.

For fedrane er tala 37 for dei kvinnelege journaliststudentane og 27 for dei mannlege studentane.

Vi kan dermed seie at dei kvinnelege journaliststudentane i større grad har foreldre med høgre utdanning enn dei mannlege studentane.

Ser vi på yrkesstatus til foreldra finn vi ingen skilnad mellom kvinnelege og mannlege journaliststudentar.

Hypotese 2 er berre delvis stadfesta.

#### 9.3.0 Hypotese 3:

Kvinnlege studentar har betre utdanning men dårligare praksis enn dei mannlege studentane.

##### 9.3.1 Utdanninga til mannlege og kvinnlege studentar

Ein krysstabell kjønn/utdanning syner at kvinner og menn står nokså likt når det gjeld høgre utdanning. Blant dei 115 som skriv at dei har over to års høgre utdanning er det 32 menn, og 37 kvinner. Som vi ser har kvinnene eit lite fleirtal.

Ni kvinner oppgir at dei har over fire års utdanning, noko berre fire menn skriv dei har.

Faga kvinner og menn har studert er stort sett dei same. 52 av kvinnene har studert eit eller fleire "andre" fag enn dei mest relevante. Dei mest relevante, og dermed vanlegaste mellom journaliststudentar, er norsk, framandspråk, historie, statsvitenskap og liknande, sosiologi, samfunnsfag, lærarskule og ex.phil.

39 av dei mannlege studentane har "andre fag" i fagkrinsen. Blant dei mest relevante faga er det eine kjønnet i stor fleirtal berre i framandspråk. 16 kvinner har studert eit eller fleire framandspråk, medan berre 6 menn har studert framandspråk.

Vi har dermed ei viss dekning for å seie at kvinnene har ein tendens til å ha lang utdanning i høve til menn. ~~Men for å seie meir om dette må vi sjå nærmere på tala for praksis.~~

##### 9.3.2 Praksis:

Ny krysstabell, men berre liten samanheng mellom kjønn og praksis. Kvinner og menn har for det meste arbeidd like mykje som journalistar før studiet.

39 menn og 36 kvinner svarer at dei har arbeidd som journalistar tidlegare.

Fleire kvinner enn menn har hatt fast arbeid. 15 menn og 23 kvinner svarer dei har arbeidd fast som journalistar.

Flesteparten av mennene har arbeidd over eit år (11), medan halvparten av kvinnene svarer dei har arbeidd inntil eit år (12). 24 menn og 19 kvinner har arbeidd som vikarar.

Fire av mennene over eit år, medan fem av kvinnene har arbeidd meir enn eit år.

Når det gjeld frilansarbeid har 50 menn og 39 kvinner drive med det før studiet. 20 menn og 13 kvinner har arbeidd fast som frilansarar. 26 menn og 29 kvinner svarer dei har arbeidd inntil tre år som frilansarar.

Ti kvinner svarer ikkje på spørsmålet om kor mykje frilansarbeid dei har hatt. Og 36 kvinner svarer ikkje på kor lenge dei har arbeidd frilans.

### 9.3.3 Konklusjon:

Dei mannlege studentane har alt i alt litt betre praksis enn dei kvinnelege studentane. Lengda på utdanninga er stort sett den same.  
*før stud.*

Hypotese 3 er berre delvis stadfesta og vi kan ikkje vere sikre på at det stemmer at kvinnene har betre utdanning og därlegare praksis enn mennene.

Det kan vere fleire grunnar til at vi har hatt ei utjamning i utdanningsnivået mellom kvinner og menn. Eller rettare sagt: Det er hende ingen skilnad mellom kvinnelege og mannlige journaliststudentar, fordi opptaksvilkåra er dei same, og same slag studentar nødvendigvis må kome inn på studiet.

Og i presseverda er det framleis slik at dei kvinnene som begynner som journalistar har klart betre utdanning enn mennene. NJ si granskning av nye medlemmer i -87 syner at 62,5 prosent av kvinnene, og berre 42 prosent av mennene hadde utdanning på universitetsnivå då dei begynte som journalistar. Ser vi på alle som har artium eller høgre utdanning jamnar skilnaden seg ut, då blir utdanningsnivået til kvinner og menn heilt likt. Men granskninga synter også at høvesvis dobbelt så mange kvinner som menn hadde fagutdanning då dei begynte i jobb.

9.4 Hypotese 4:

Fleire studentar har lang utdanning enn lang praksis:

Tabellen viser skilnaden mellom kor mange som har studert og kor mange som har arbeidd som journalistar. Kolonnane er frå venstre svar, år studert, år i fast stilling som journalist, og år i journalistvikariat.

Tabell 8 : Tid brukt til å studere og praksis			
År	studert	arbeidd fast	vikar
Ikkje svar	19	93	90
Inntil 2 år	45	26	41
Over 2 år	70	14	3
Sum	134	133	134

Det er rimeleg å tru at langt dei fleste som ikkje har svart på spørsmåla ikkje har studert eller arbeidd.

Dei 19 som ikkje har svart på kor lenge dei studerte stemmer med talet på dei som ikkje har oppgitt kvar dei har studert (4) og dei som svarer at dei ikkje har studert. (18?)

Dei vel 90 som ikkje har hatt fast arbeid eller vikariert som journalistar er det litt vanskelegare å vurdere. På eit anna spørsmål svarte 54 at dei hadde arbeidd som journalistar, og tre svarte ikkje. Men korleis kvar enkelt vurderer "arbeidd som journalist" er det vanskeleg å vite.

Eg vel å sjå på "ikkje svar" som om dei 90 ikkje har hatt tilsetjing som journalist på nokon måte.

Tabellen tyder på at hypotesen er rett. Over halvparten (70) av journaliststudentane har studert i over to år eller meir. Medan berre 17 har arbeidd som journalistar i over to år eller meir.

Viss vi ser på kor lenge studentane har arbeidd som frilansarar syner det seg også at dei fleste har arbeidd under to år. 52 hadde ikkje arbeidd som frilansarar, 56 hadde arbeidd i inntil to år, medan 26 hadde arbeidd meir enn to år som frilansarar.

Dei aller fleste journaliststudentane (90) er einslege, 36 er sambuarar eller gifte og 7 oppgir at dei har tidlegare vore gifte. Samstundes er det åtte som oppgir at dei har vore med i foreldreforeining. Dette er kanskje eit noko tynt grunnlag å seie noko om kor mange som har forsørgjaransvar, men ein peikepinn gir det.

Vi skal vere varsame med å dra for bastante konklusjonar utifrå desse tala. Men journaliststudentane står nokså fritt i livet. Dei er i stor grad utan forsørgjaransvar og

Så viser det seg då også at dei ikkje har sterke ynskje om bustad etter utdanninga. gjá vedanfor.

Hypotese 4, som seier at fleire journaliststudentar har lang, høgre utdanning enn lang praksis må seiast å vere rett.

#### 9.5 Hypotese 5:

Rett i jobb etter studiet

111 av dei som svarte på spørjeskjemaet oppgir arbeid i ymse media som framtidssplanar like etter studiet. Tretten skriv at dei ikkje skal arbeide som journalistar, medan 14 skriv at dei er usikre. Til saman får vi då 138 svar.

Ei årsak til for mange svar er nok at mange misforsto spørsmålet (spørsmål 13) slik at dei svarte på kva media dei ville arbeide i og kvifor dei hadde slike planar dei elles hadde. Ikkje først og fremst på kvifor dei ville arbeide i staden for å studere meir.

Av same grunn som ovanfor er det vanskeleg å vite kvifor dei vil arbeide like etter studiet. (118 svar.)

Men tendensen er klar. Dei aller fleste ynskjer å begynne i jobb. Avis er mest ettertrakta (43), dernest film/tv med 22, og radio (21). 21 svarer at det er det same kva media dei får seg arbeid i, eller dei nemner fleire ynskje. 2 er usikre på kva media dei vil arbeide i, medan 12 er usikre på kva dei ynskjer å gjere etter studiet.

Volda skil seg klart ut frå dei andre studiestadene. Hos voldastudentane var arbeid i avis minst ettertrakta og arbeid i film/tv mest ettertrakta.

Hypotese 5 må dermed seiast å vere rett.

#### 9.6 Hypotese 6:

Lettare for byungdom å kome inn på medielinja

Eit av spørsmåla i granskninga gjaldt kva oppvekstmiljø studentane hadde hatt. Eg spurde også om kvar studentane hadde hatt praksisen. Ein krysstabell mellom verdiane på desse to spørsmåla blir som vist nedanfor. Praksisstad på horisontal akse, oppvekststad på vertikal akse.

Tabell 9 : Krysstabell mellom praksisstad oppvekststad

Oppvekst/Praksis:	Bymilje	Bygdeby	likt	sum
Bygd -2.000	6	9	5	20
Tettstd. 2-10.000	15	11	2	28
By 10.000-	41	6	3	50
Både bygd og by	2		1	3
sum:	64	26	11	101

Tabellen syner at dei fleste har fått praksis i bymilje. Både i tal og høvesvis.

Av dei 50 som hadde vokse opp i bymilje hadde 6 hatt praksis i bygdebymilje og 3 like mykje i bygd og by. Men av dei 48 som har vokse opp i bygder eller mindre tettstader har like mange hatt praksis i bymilje (21) som i bygdebymilje (20).

Så sjølv om halvparten av studentane ikkje er frå byar har langt over halvparten hatt praksisen i byar. Dette skulle tyde på at det er lettare å få seg praksis i byar enn i bygdebyar.

Men på den andre sida ligg også universiteta og høgskulane for det meste i byar, og dei aller fleste har både studert og praktisert.

Tabellen ovanfor kan dermed ikkje utan vidare tolkast slik at det er lettare for byungdom å få seg praksis enn bygdeungdom.

Samanliknar vi studentmassen med det norske folket finn vi heller ikkje stønad for påstanden. 40 prosent av folket i Noreg bur i byar og mindre tettstader (Under 10.000). Blant journaliststudentane finn vi at ungdom frå bygder og mindre tettstader utgjer nærare 50 prosent av studentmassen (61 studentar har vokse opp i bygder og tettstader, 64 i byar, 7 både i bygder og i byar).

Byungdommen er i fleirtal i Oslo (23 mot 19) og i Bodø (9 mot 4). Medan bygdeungdommen er i fleirtal i Volda (31 mot 28) og i Stavanger (7 mot 4). Her har vi heilt sett vekk frå dei som har vokse opp både i bygder og i byar.

#### Konklusjon:

Det kan ikkje seiast å vere rett at ungdom frå byar har betre høve til å få praksis og utdanning enn ungdom frå byar og mindre tettstader. I alle høve er ikkje bygdeungdom underrepresentert i studentmassen.

Av granskingsa kom det også fram at det som talde mest for studentane var "nærleik, geografi" - det har mykje å seie kvar utdanningsinstitusjonen ligg. Det er stor geografisk spreiing på skulane, og det kan sjå ut som om tilbodet dermed freistar folk over heile landet.

Ei anna side av saka er at bygdeungdommen må inn til byar for å ta utdanning likevel, og dermed spelar det inga rolle om journalistskulen også ligg i ein by.

#### 9.7 Hypotese 7:

Nærradioane har gitt mesteparten praksis

Nærradiobølgja har gitt mange studentar dei praksispoenga dei treng for å kome inn på mediestudiet. Fleire har fått praksis i nærradio enn i avis.

Granskingsa har ikkje stadfesta hypotesen om at fleirtalet av journaliststudentane har fått praksisen sin i nærradio. Dei fleste oppgir avis som den staden dei har fått mest praksis. Faktisk har dobbelt så mange hatt praksis i avis som i nærradio (53 mot 26). Ni har praksis frå NRK radio, og 12 frå andre media. 34 hadde ikkje svart på spørsmålet.

Det stemmer ikkje at nærradioarbeidet stort sett er ulønna. I det minste har berre 11 ført opp at arbeidet var ulønna, og femten at arbeidet var delvis lønna. 63 svarte at frilansarbeidet var lønna, og 45 svarte ikkje på spørsmålet.

Løn og løn, ein svarte "slavelønn", og det gjaldt avis.

Denne hypotesen var truleg feil fordi dei som har arbeidd mest i nærradioar har mest lyst til å drive med radio. Og dermed søker seg til Volda som har radiofordjuping.

Så viser det seg også at blant studentane i Volda har fleire studentar praksis frå radio (NRK og nærradioar) enn frå avis.

(tbl : Diku)

#### 9.8 Hypotese 8:

Overvekt av bokmålsfolk

Nedanfor står resultatet av granskingsa, saman med Statistisk sentralbyrå sitt landsgjennomsnitt av talet på norske barn som får nynorsk som opplæringsmål. Talet er frå 1987, men har vore nokså uendra dei ti siste åra.

Tabell 10 : Målform			
	nynorsk	bokmål	begge
tot %	18 13,4%	110 82,1%	6 4,5%
Noreg	16,7	(83,3)	

Nor	St.
N 16,7	18,4 (18)
B (83)	82,1% (14)
by -	4,5% (6)

Nynorsk er underrepresentert i høve til landsgjennomsnittet. Ein tabell der skriftspråk blir sett i høve til utdanningsstad syner at det ikkje finst studentar som nyttar nynorsk ~~mer~~ i Stavanger og i Bodø. Dei fleste nynorskbrukarane går i Volda. 12 av 65 voldastudentar oppgir nynorsk som sitt mest brukte skriftspråk, medan to oppgir "begge".

Ein krysstabell syner at 8 av dei 12 nynorskbrukarane i Volda kom frå Vestlandet. Og 18 av voldastudentane som svarte på skjemaet rekna seg for å vere vestlendingar.

Hypotesen om at nynorskbrukarane er underrepresenterte er dermed stadfesta. Nynorskbrukarane er underrepresenterte i høve til landsgjennomsnittet.

Ei muleg årsak kan vere at pressa samla sett brukar klart mest bokmål. Og dei prestisjetunge Oslo-avisene nyttar berre bokmål. Kan hende har studentane ei kjensle av at dei må nytte bokmål for å kome opp og fram.

Noko som kan stø denne teorien er at NRK har likestilt nynorsk og bokmål, og i Volda med sitt tv og radiostudium er nynorskprosenten høg.

Val av mål kan altså henge ~~hørt~~ saman med ambisjonar etter studiet.

#### 9.9.0 Hypotese 9 :

Rangering av studiestadar

#### 9.9.1 Evaluering av studia:

Studentane vart bedne om å seie kor godt nøgde dei var med studiet dei gjekk på. Dei kunne krysse av for fem alternativ frå svært godt fornøgd til svært misfornøgd.

Sett under eitt svarte 89 at dei var svært godt eller godt fornødde med studiet. 32 var sånn middels, medan 11 var litt eller svært misnøgde.

Når vi ser på kvar enkelt studiestad, så kjem det fram at voldastudentane er minst nøgde med studiet sitt. Atte studentar sa dei var litt eller svært misnøgde med studiet, 21 var sånn både og, medan til saman 34 var svært godt eller godt nøgde med studiet.

Mest nøgde med studiet var studentane i Bodø. Alle dei 14 som har svart på skjemaet var svært godt nøgde eller godt nøgde med studiet.

I Oslo var 3 litt misnøgde, 8 både og <sup>37</sup> 34 var svært godt, eller godt nøgde.

I Stavanger var to usikre, 7 svært godt eller godt nøgde og dei tre siste var både nøgde og misnøgde.

#### 9.9.2.0 Kvifor denne studiestaden:

Årsakene til at studentane valde studiestaden dei går på no kjem tydeleg fram, trass i lite materiale for to av studia.

Som viktigaste grunn oppgir voldastudentane grunnar som høver inn i "likte studietilbodet" (32), "beste studiet" (9), "nærleik, geografi" (7).

For journalisthøgskulen er tala slik: "Nærleik geografi" (17), "beste studiet" (12).

For Bodø og Stavanger er nærleik, geografi den viktigaste grunnen til at studentane valde desse studiestadene. Tala er høvesvis 7 for Bodø og 6 for Stavanger.

Som nestviktigaste grunnen skriv voldastudentane "god omtale, beste studiet" (18), og "nærleik, geografi" (8).

Oslostudentane nemner "nærleik, geografi" (12).

I Bodø er også "Nærleik, geografi" nemnt av flest.

#### 9.9.2.1 "Nærleik, geografi"

Det er svært tydeleg at "Nærleik, geografi" er den faktoren som har talt mest for studentane. For alle studiestadene utanom Volda har dette hatt mest å seie.

Dei mange som har nemnt "studietilbodet" i Volda har valt Volda grunna dei to spesialiseringane her. Radio og tv/video er viktigaste trekkplasteret for medielinja i Volda.

Under omgrepet "nærleik, geografi" har eg ført opp alle svar der ord som "nær heime", "likte/kjende staden", "distriktpolitikk", "kunne ikkje flytte" og liknande. Altså omgrep som har med studiestaden reint geografisk å gjere.

Ei krysstabellering mellom landsdel og studiestad syner då også at i Bodø går nesten berre ~~nordlendingar~~, i Stavanger går nesten berre vestlendingar og sørlanders. ~~fdk fm Nord-Noreg~~

Studia i Oslo og Volda er meir landsomfattande, særleg Volda som har studentar frå heile landet, også trønderar. Trønderane mangla heilt i Oslo. I Oslo dominerte folk frå Oslo/Akershus og frå Vestlandet.

#### 9.9.3 Søknad mellom studiestadane

43 studentar som studerer journalistikk søkte på andre høgskular også. Tilsaman leverte dei inn 60 søknader. 18 av søknadene slapp gjennom på meir enn eit studium. 42 ikkje.

Oslo og Volda fekk flest søker. Volda 19 og Oslo 18. 6 kom inn i Volda, 5 i Oslo.

For Bodø var tala 3 tekne opp, og 8 ikkje. Stavanger 4 tekne opp, 5 ikkje.

Det er ingen store skilnader mellom studia. Volda og Oslo har flest plassar og flest søker.

Oppfat a. skur start.

#### 9.9.4 Alder

Gjennomsnittsalderen, medianverdien på alder og alderen flest hadde på kvar studiestad var slik tabellen viser:

Tabell 11: Alder ved studiestadene			
	Gj. snitt	Median	Vanlegaste
Volda	25,7	25,5	24,00 (9)
Oslo	26,7	25,00	25,00 (8)
Bodø	28,9	27,5	24,00 (3)
Stavanger	28,3	27,5	20,00 (4)
Gj. snitt	27,4	26,4	23,3

Alle studiestadene har reglar som skal sikre at ulike aldersgrupper blir sikra representasjon. I Stavanger til dømes er det fire 20 åringar som har kome inn på ein kvote for søkerar med berre artium.

Difor er det noko vanskeleg å vurdere tala, men det er tydeleg at Bodø og Stavanger har høgste gjennomsnittsalderen. Dette kan kome av at eldre søkerar dreg mykje opp. Men medianverdien tyder også på at her går det eldre studentar. Men der går også mange unge studentar, dette stadfester typetalet - vanlegaste verdien.

Alt i alt ser det ut til å vere ei stor spreiling i aldersfordelinga til studentane på alle studia.

#### ~~Helse~~ 9.9.5 Utdanning før studiet

AV dei som har verkeleg lang utdanning, over fire år, går alle i Oslo (9) eller i Volda (4). Det kan verke som dei sikrar seg ved å gå på etablerte studium. ~~Celler døvlig auto i øya bratt~~  
Sett under eitt har om lag 40 prosent av dei som har studert tidlegare under to års høgre utdanning, og 60 prosent har meir enn to års høgre utdanning. I Bodø har like mange under to års utdanning som over to års utdanning. Sju over og sju under.

#### 10.1 Journaliststudentar sine politiske haldningar:

Det er ei vanleg meinings at journalistar er venstrevridde. Sjå f.d. "Mediavänstern" av Gösta Hultén.  
Denne oppfatninga har støtte i røyndomen.

#### 10.2 Venstrevridde avisjournalistar

I NOU 82:3, sluttrapporten til Maktutgreiinga finn vi på side 236 ein tabell over partisympatiar hos norske journalistar. Tabellen gjeld sympatiar for journalistane innanfor ymse avisgrupper, gruppert etter politisk farge.  
Utifra denne tabellen har eg rekonstruert partisympatiane til norske journalistar i 1974. Tabellen kjem nedanfor.

#### 9.9.6 Kva likar og mislikar studentane

Eit spørsmål på skjemaet gjaldt kva studentane likte best og minst ved studiet. Også her var det klare skilnader mellom studia.

I Volda var det to ting som peika seg ut. Det var ting som kom under "opplegget, undervisinga" og teknisk utstyr. 17 studentar nemnde sider ved opplegget og undervisinga som det dei var mest nøgde med. 16 nemnde teknisk utstyr som det beste. Minst likar voldastudentane andre sider ved opplegget og undervisinga (23). 13 studentar er mest misnøgde med lærarane.

Oslostudentane er mest nøgde med opplegget og undervisinga (23). Dei er minst nøgde med administrasjonen (16) og sider ved opplegget eller undervisinga (12).

I Bodø er også studentane mest nøgde med sider av undervisinga og studieopplegget (6). Bodø studentane er minst nøgde med teorien (4).

Praksisen er det stavangerstudentane er mest nøgde med. 10 av 12 studentar har ført opp praksis som det beste ved studiet. 5 meiner at sider ved opplegget og undervisinga er det verste ved studiet.

Tabell 12 : Partisympatiar,  
norske avisjournalistar 1974.  
Kjelde: Sluttrapporten til  
maktutgreiinga, NOU 82:3

	N	%	Blokk
SV	166	14,1%	
AP	308	26,2%	40,3%
V/DLF	266	33,6%	33,6%
KrF	20	1,7%	
SP	70	6,0%	7,7%
H	331	28,2%	
ALP	13	1,2%	29,4%
Sum	1175	100,0%	100,0%

Tala er gamle, og nokon kvar kan bli nostalgitiske over å sjå parti som Det nye folkepartiet og Anders Langes parti på statistikken.

Men det er interessant å sjå at Venstre både blandt dagens journaliststudentar og blandt -74 journalistane hadde klart større oppslutnad enn ved vala.

Interessant er det å sjå at AP/SV/RV til saman har 60 prosent av journaliststudentane. Myten om at studentar er radikale stemmer i alle høve for norske journaliststudentar.

#### 10.3 Venstrevridde NRK medarbeidarar

Ei granskning av NRK medarbeidarar frå 1974 syner at 44 prosent av radio medarbeidarane støttar AP eller SV, 28 prosent til saman støttar dei borgarlege partia. 28 prosent svarte blanda, andre eller dei svarte ikkje.

#### 10.4 Venstrevridde danskar

Prøveval ved den danske journalisthøgskulen viser at studentane blei gradvis meir radikale mellom 1971 og 1978. I 1971 røysta vel 35 prosent Socialdemokratisk eller på partia lenger ute på venstrefløya. I 1978 røysta nærare 60 prosent av studentane på den same partigruppa. Auken i røyster har dei henta både frå gruppa for ymse svar og frå dei borgarlege. Dei borgarlege minka sin del av røystene frå 27,7 prosent i 1971 til 22,5 prosent i 1978.

Dei norske journaliststudentane er ikkje så ulike sine danske medstudentar i politisk haldning. Rett nok var tala frå Danmark ti år gamle, og dermed ikkje heilt å lite på lenger. Her er i alle høve tala for dei norske journaliststudentane.

Tabell 13 : partisympatiar,  
norske journaliststudentar

parti	stud.	prosent	MMI 11/88
AP	14	12, 8%	38, 3%
SV	42	38, 5%	6, 7%
RV	11	10, 1%	0, 4%
V	26	23, 9%	5, 2%
SP/KRF	6	5, 5%	13, 2%
H	10	9, 1%	27, 8%
FrP	0	0, 0%	7, 8%
Andre	0	0, 0%	0, 5%
sum:	109	99, 9%	99, 9%
Ikkje røysta, andre, veit ikkje: 25 (Journaliststudentane)			

Venstre fekk tre-firedelar av si støtte i Volda. Høgre stod sterkest i Oslo, medan SV hadde jamt stor stønad alle stader, og AP jamt liten stønad alle stader.

#### 10.5 Politisk line til arbeidsgivar

Journaliststudentane er altså nokså radikale, men har lite imot å arbeide i aviser som har ei anna politisk line enn dei sjølve. 132 svarte på spørsmålet om dei kunne tenkje seg fast arbeid i ei medieverksemd med eit anna politisk syn enn dei sjølve. 73 (55 prosent) sa ja, 8 (6,1 prosent) sa nei, medan 51 (38,6 prosent var usikre).

Ein anna påstand var at journalistar bør vere lojale mot den politiske lina til avisene dei arbeider i. 37 var samde i dette, medan 93 var heilt eller mest usamde i påstanden.

~~Får venstrelinia fram frå i spørsmålet?~~

#### 11.0 Haldning til profesjonelle verdiar:

I spørjeskjemaet var der lagt inn ein spørsmålsserie som gjaldt haldning til profesjonelle verdiar. Ymse påstandar var lista opp, så skulle studentane skrive kor samde dei var i kvar påstand ved å krysse av for alternativet som høvde best for dei.

Spørsmåla var henta frå spørjeskjemaet til Lorentzen/Høy, og meiningsa var å samanlikne resultata.

Resultata til Lorentzen/Høy er offentleggjorde i Maktutgreiinga.

I to spørsmål er skilnaden mellom -74 journalistane og -88 studentane stor. Det gjaldt påstanden: - Ei god avis er ei som sel godt. Der var 29 prosent av avisjournalistane i 1974 heilt eller delvis samde, medan 14 prosent av radiojournalistane var heilt eller delvis samde i denne påstanden. Berre 8,2 prosent av journaliststudentane var samde i påstanden.

Det andre spørsmålet gjaldt monopol og trua på profesjonalitet. Berre ein tredel av journaliststudentane var samde i ein påstand som sa at med ei profesjonell innstilling hos journalistane var det ingen fare med monopol. Hos journalistane frå 1974 var det 47 prosent (aviser) og 78 prosent (radio) som var samde i denne påstanden.

Dei andre spørsmåla som blir attgivne i Maktutgreiinga er haldninga til om sakleg samfunnsjournalistikk bør vere partipolitisk uavhengig. Her var resultatet av dei som var samde slik: Journaliststudentane: 62 prosent, avis 76 prosent, radio 91 prosent.

Eit anna spørsmål gjaldt formidling av informasjon mellom styrande og styrte. Her blei resultatet i same rekjkjefylgje: 73,9 prosent, 91 prosent, 82 prosent.

Det siste spørsmålet som står attgjeve i Maktutgreiinga er ein påstand som seier at fakta er unyttig utan bakgrunnsstoff og kommentarar. Her var graden av semje 79,9 prosent, 82 prosent og 85 prosent.

Høyer offentleggjer resultata frå andre av påstandane i ein artikkel i Pressens Arbok 1979 - "Den indre orden politisk lojalitet og avansemement innen partipressen".

Tabell 14 : Haldningar til profesjonelle verdiar

Tala i tabellen fortel kor mange som var heilt samde i påstandane. Tala i parentes viser kor mange til saman som var heilt eller delvis samde i påstandane. (Stor/Prosent)

Påstand	Redaksj.	Studentar
Aviseigarane har for stor innverknad på det redaksjonelle arbeidet	12 (31)	11 (47)
Journalistar bør vere lojale mot den politiske lina til avis	28 (62)	2 (28)
Sakleg samfunnsjournalistikk bør vere parti-politisk uavhengig	49 (74)	27 (62)
Ei avis bør vere ein effektiv formidlar av informasjon mellom styrande og styrte	63 (88)	34 (74)
Med ei profesjonell yrkes-innstilling hos journalistane spelar det inga rolle om avis er den einaste på utgjevarstaden	20 (45)	3 (34)
Ei god avis er ei som sel godt	(29)	(8)

87% partipolitisk  
63% 20/88/45

Tabellen på førre side er sett saman av data frå desse to kjeldene, pluss vår eiga granskning.

## 12.0 Massemmedia sine oppgåver:

I Maktutgreiinga er ei samanlikning av kva ymse grupper meiner om massemmedia sine oppgåver.

Same spørsmåla var med i vår granskning av journaliststudentar. Resultata frå denne er ført inn i tabellen i Maktutgreiinga, og ser då slik ut:

Tabell: Rangering mellom ymse oppgåver til massemmedia mellom næringsliv, journalistar, publikum og journaliststudentar.  
(I tabellen i maktutgreiinga er journalistane delte i tre grupper, i denne tabellen er berre avismedarbeidarar tekne med. Publikum er ikkje delt på kjønn)

Tabell 15 : Viktigaste oppgåvene til massemedia

Media sine opg.	Nær. liv	Journ.	Publikum.	Stud.
Formidle nyhende	79	66	38	17,9
Overvake, det off.	12	18	9	40,3
Aktuell debatt	2	8	10	10,4
Overvake, private	1	3	4	11,9
Rel./pol. mein.		2	2	(Mangla)
Utvikle kult.				
intellekt. verd.	2	2	7	8,2
råd/prakt. k. skap	3	1	18	(Mangla)
Underhalde			11	0,7
N=100%	218	971	1602	134

Ved ei kontrollsummering av studentane sine svar vil ein kome opp i berre 89,7. Dette kjem av at studentane hadde fleire alternativ enn dei som er nemnde her å velje mellom. Dei andre alternativa er oppgåver som å nå flest råd med bodskapen (0%), få fram negative sider ved samfunnet (6,0%) og få fram synspunkta til dei som sjeldan får ordet i samfunnsdebatten (8,2%). Dermed har vi kome opp i 103,6 prosent. Denne overskridingen har kome av at enkelte har ført opp fleire oppgåver som dei viktigaste. Mest vanleg var det å skrive overvakning både av det offentleg og privat verksemd på ein gong.

Det er fleire store skilnader mellom gruppene. Særleg viktig er skilnadene i haldningane til journalistane og journaliststudentane. Alle grupper førte i 1974 opp formidling av nyhende som den viktigaste oppgåva til massemmedia. Dagens journaliststudentar meiner overvakning av det offentlege bør vere den viktigaste oppgåva til massemmedia.  
Denne skilnaden er så stor, at det kan vere freistande å tru at

dette kjem av ei stor endring av samfunnstilhøva og i  
mediesituasjonen på dei åra som har gått.

Har vi rett og slett fått nok og for mykje nyhendeformidling? Eller ser journaliststudentane på nyhendeformidling som mindreverdig i høve til overvaking?

Eit anna påfallande trekk er kor stor spreiing det er i prioriteringane til journaliststudentane.

### 13.0 Samanfattning, konklusjon:

#### 13.1 Validitet

Eg vil vere svært varsam med å slå i bordet med bastante konklusjonar om dei norske journaliststudentane. Til det er materialet altfor tynt. Svarprosenten er på 55, og då utgjer svar frå medielinja i Volda nesten halvparten (48 prosent) medan dei utgjer berre knapt ein tredel av alle journaliststudentane (31 prosent).

Vidare manglar 1.klasse i Stavanger heilt, og frå 2.klasse i Bodø har det kome berre tre svar.

*Analysen*  
Granskings må takast for det ho er: Ein gransking av 134 svar på eit spørjeskjema som vart sendt ut til alle norske journaliststudentar, 240 i talet, i november 1988. Utvalet er ikkje styrt frå mi side, men nokså tilfeldig. Motivasjonen til kvar student har i stor grad bestemt om ho har fylt ut og levert tilbake skjemaet eller ikkje.

Når eg så vel å nytte materialet som låg føre, så er det først og fremst fordi eg har ei kjensle av at materialet på sitt vis er representativt.

- Over halvparten av studentane har svart på spørjeskjemaet
- Dei viktigaste hypotesane viser seg nokså venta å slå til.
- Kjønnsfordelinga er nokså lik den verkelege situasjonen på skulane.
- Skilnaden på Volda og dei andre studia er stor, og slik som venta.

Eg vil ikkje gå inn på ei meir detaljert grunngjeving. Dei momenta eg har nemnt burde ha kome tydeleg fram tidlegare i oppgåva.

#### 13.2 Samanlikningsgrunnlaget

I denne oppgåva har det blitt referert mykje til d'herrer Lorentzen/Høy (76). Deira journalistundersøking frå 1974 har ikkje blitt fylgt opp seinare, og alle resultat frå 74 granskings har heller ikkje blitt utgjeve mellom to permar. Men i ymse bøker og tidsskrift. Samanlikningsgrunnlaget mellom journaliststudentane i dag og journalistane i norske media for 14 år sidan er vel eigentleg meir enn tynt. Men så lenge her ikkje finst anna har eg eigentleg ikkje noko val. Det einaste eg kunne ha gjort måtte vel vere å lage ei eiga gransking av dagens journalistar.

NJ har heller ingen utdanningsstatistikk. Det einaste materialet eg fekk frå dei var ein statistikk over bakgrunnen til nye medlemmer i 1987. Dette var forresten til stor nytte.

### 13.3.0 Konklusjonar

#### 13.3.1 Skeiv rekruttering

Dei ni hypotesane eg lanserte stemte i stor grad med røyndomen. Den viktigaste hypotesen gjaldt den skeive sosiale rekrutteringa til journaliststudiet - og til journalistyrket. Denne skeive rekrutteringa ser ut til å gjelde berre sosial bakgrunn. Det viste seg at kvinnene ikkje er særleg betre eller därlegare enn mennene på korkje utdanning eller praksis. Og geografisk sett er det ingen landsdelar som er svært underrepresentert.

#### 13.3.2 Kvinnene frå finast folk

Men når det gjeld sosial bakgrunn har vi ein stor skilnad mellom mannlege og kvinnelege studentar. Fedrane til dei kvinnelege studentane har i stor grad høg utdanning. Utdanninga til foreldra er til vanleg rekna for å vere den variabelen som best fortel kva sosialt lag ein person høyrer til. *fach*

Dette var venta, men her er visse skilnader i materialet. Dei kvinnelege mediestudentane i Volda hadde ikkje så typisk elitebakgrunn som sine medsystrer ved dei andre skulane. Dette kan både tyde på anna sosial bakgrunn til kvinnelege studentar i Volda - eller det kan tyde på systematisk feil i utvalet. Nemleg at kvinner med foreldre i lågare samfunnslag ved andre institusjonar enn Volda ikkje har svart på spørjeskjemaet.

#### 13.3.3 Utdanning, språk m.m.

Hypotesane om at mesteparten av studentane har lang utdanning før studiet, at nærradio er ein viktig måte å få praksis på og at nynorsk er underrepresentert stemmer ganske bra. Ingen særleg overraskande resultat her. Desse hypotesane var då også stort sett avleiningar av den første hypotesen om systematisk skeiv rekruttering. Når denne slo til, slo også dei andre til.

#### 13.3.4 Geografi er viktigast

Når det gjeld rangering av studiestadene fekk vi ein del overraskande resultat. Det mest overraskende for meg var at nesten alle studentane såg mest på kvar skulen låg i landet, og ikkje så mykje på kva tilbod og nivå skulane hadde. Eg var overtydd om at dei fleste studentane valde skule utifra kvaliteteskriterium, og ikkje geografi. At så ikkje er tilfelle burde ~~ha~~ eit tankekors for mange ~~pressefolk~~. *(utd.)*

#### 13.3.5.1 Nye er nøgde

Noko anna som var overraskande var kor godt nøgde dei var, studentane ved dei to nystarta linjene i Bodø og Stavanger. Samstundes som studentane ved dei etablerte skulane, særleg i Volda, var så tydeleg misnøgde med studia sine.

Ein skulle tru at nye studium ville ha innkøyringsvanskar og barnesjukdommar. Men har dei det, så har dei ikkje vore til særleg plage for studentane.

### 3.3.5.2 Patriotisme?

Ei anna forklaring kan vere at studentane på dei nye studia kjenner eit behov for å forsvare valet dei har gjort. Og lokalpatriotisme kan også ha sitt å seie. Trass alt viser det seg at studia i Oslo, Stavanger og Bodø blir valde i stor grad utifrå geografiske kriterium. Medan medielinja i Volda blir vald på grunn av mulegheitene til å fordjupe seg i radio og film/fjernsyn. Volda er einaste studiestaden som har studentar frå heile landet. = ~~Mulighett~~ for di aller fleste

### 13.3.6 Politiske haldningar

Det er velkjent at både journalistar og studentar er radikale. Granskings har stadfesta at journalistar ~~står~~ også er det. 60 prosent av studentane ville stemt sosialistisk, nær 20 prosent venstre, og ingen ville stemt på Hagen.

### 13.3.7 Profesjonelle verdiar

I spørjeskjemaet stilte eg ein del spørsmål der eg i utgangspunktet ikkje hadde nokon særleg meininger om kva studentane meinte. Dette gjaldt mellom anna haldningane til profesjonelle verdiar.

Her har eg igjen samanlikna med resultata til Lorentzen/Hoyer. Skilnadene kan kome både av endringar i massemedia på dei 14 åra som har gått, og journaliststudentane kan rett og slett ha heilt andre meininger enn sine framtidige kolleger.

### 13.3.8 Haldningar til framtidige arbeidsgivarar

Journaliststudentane er radikale. Nesten 40 prosent av dei stemmer RV eller SV. Men dette tyder ikkje nødvendigvis at dei ikkje kan tenkje seg å arbeide i ei av dei mange, rike, borgarlege avisene.

Studentane er som gruppe lite skeptiske til å arbeide i ei avis som har ei anna politisk oppfatning enn dei sjølve. Berre 8 svarte utan vidare nei på dette spørsmålet. 73 studentar, (54,5%), sa utan vidare ja, medan 40 prosent var usikre. Men sjølv om dei kan tenkje seg å arbeide i ei avis med eit anna politisk syn, så meiner fleirtalet (om lag 70 prosent) at journalistane ikkje skal vere forplikta til å fylgje den politiske lina til avisas.

Eg lanserte også ein teori om at nynorsk var underrepresentert fordi studentane tilpassa seg arbeidsmarknaden. Viss dette stemmer, så føyer det seg pent inn i det eg har skrive ovanfor.

### 13.3.9 Sjølvmotseiingar, eller?

Nesten 75 prosent (100 stk.) av studentane meiner det er svært viktig å tene godt i det yrket dei vel. Men samstundes skriv dei at materielle grunnar hadde lite å seie då dei valde å bli journalistar. Berre 22 nemner dette som viktig. 6 skreiv at

materielle grunnar talde aller mest for dei då dei valde å bli journalistar.


Berre 5,6 prosent skriv at dei ynskjer seg eit yrke der dei kan få hjelpe andre. Samstundes synest over 95 prosent at det er viktig å få fram synspunkta til dei som sjeldan får ordet i samfunnsdebatten.

70 prosent av studentane meiner det er viktig å få eit yrke der dei slepp å bli overvaka av andre. Men samtlege meiner det er viktig å overvake verksemda til det offentlege, og nesten alle å overvake private verksemder sin aktivitet.

Dette passar vel bra med at pressa gjerne overvakar andre, men freistar å hindre innsyn hos seg sjølv. ~~og oppgjør~~.

Om lag 90 prosent synest det er svært viktig at yrket deira er spennande og opplevingsrikt. Kva forventningar har journaliststudentane til yrket dei skal inn i, viss dette skal vere drivkrafta? Spennande og opplevingsrikt kan forresten tolka på mange måtar. Variert arbeid kjem truleg inn under denne kategorien.

Over 90 prosent av studentane meiner det er viktig å få fram negative sider ved samfunnet. Samstundes synest over halvparten av studentane at det er viktig å skrive slik at mange les det du skriv, og om lag like mange meiner det er ei viktig oppgåve for massemedia å underhalde.



*avsluttet*

#### 14.0 Tabellar

Tabell 1 s 5	Talet på journalistar i Noreg frå 1920 til 1988
Tabell 2 s 9	Studieplassar, søknad og opptak, journalistutdanningane, hausten 1988.
Tabell 3 s 16	Utdanninga til mødrane til journaliststudentane
Tabell 4 s 16	Utdanninga til fedrane til journaliststudentane
Tabell 5 s 17	Yrket til mødrane til journaliststudentane
Tabell 6 s 18	Yrket til fedrane til journaliststudentane
Tabell 7 s 19	Journalistar 74 og studentar 88 etter fars yrke
Tabell 8 s 21	Tid brukt til studiar og praksis før journaliststudiet
Tabell 9 s 23	Oppvekstmiljø og praksismiljø for journaliststudentane
Tabell 10 s 25	Målforma til journaliststudentane
Tabell 11 s 27	Alderan til studentane på kvar studiestad
Tabell 12 s 28	Partisympatiar til norske journalistar 1974
Tabell 13 s 29	Partisympatiar til norske journaliststudentar 1988
Tabell 14 s 29	Haldningar til profesjonelle verdiar
Tabell 15 s 30	Ymse grupper sine vurderingar av kva som er viktigaste oppgåva til massemedia

*Under hvilken*

15.0 Litteraturliste:

15.1 Primærlitteratur

- Alme, Bjarte : "Senderollen i  
"Mediemakt""  
Folkets brevskole 20 s.
- Ejbye-Ernst, Arne : "Journalisten, "spidserne" og  
bisserne"  
Pressens Årbog 81/82  
Inst. for journalistikk 1982 14 s.
- Halse, Ketil Jarl : "Journalisten som strateg"  
Hovudfagsoppgåve i sosiologi  
Universitetet i Bergen  
Bergen 1975 128 s.
- Høyér, Svennik : "Får vi noe opprør fra midten"  
Pressens Årbog 81/82  
Inst. for journalistikk 1982 21 s.
- Høyér, Svennik : "Journalisters holdning"  
Tidsskrift for  
samfunnsforskning 4/75  
Oslo 1975 19 s.
- Høyér, Svennik : "Den indre orden - politisk  
lojalitet og avansement innen  
partipressen"  
Pressens Årbok 79  
Inst. for journalistikk 1979 22 s.
- Lorentzen, Gustav : "Norske journalister - et  
gruppeportrett"  
Universitetet i Oslo,  
Oslo 1976 61 s.
- Martinussen, Willy : Utvalde kapittel i  
"Sosiologisk analyse" 32-42  
Universitetsforlaget 289-308  
Trondheim 1984 379-399  
50 s.
- Norsk journalisthøgskule :  
journalistutdanning : "Seminar om  
Norsk journalisthøgskule,  
Oslo 1979 87 s.
- Norsk journalistlag : Utdanningsstatistikk 1987  
Intern rapport  
Oslo 1988 6 s.
- Volden, Knut : "Journalistutdanningen og  
høgskolereformen i 70-åra"  
Universitetet i Oslo  
Oslo 1982 103 s.

Werner, Anita

: "Norske journalister"  
Universitetsforlaget  
Oslo 1966

42 s.

Samla sidetal: 573 sider.

## 15.2 Sekundær litteratur

St 1008

NOO: 82:44  
US San j. atd. (81:)  
US Taylor hand prop

- 1) Kva studieretning gjekk du på i vidaregåande skule eller til svarande?  
Krysse av

( ) Allmennfag ( ) Handel og kontor  
( ) Handverk/industri ( ) Foto  
( ) Anna (skriv opp)

- 2) Studerte du ved universitet eller høgskule før du tok til på journaliststudiet? Skriv opp kor mange år du har studert på kvar stad før journaliststudiet.

( ) Universitet Kor lengre? ( ) år Kvar? \_\_\_\_\_  
( ) DH skule Kor lengre? ( ) år Kvar? \_\_\_\_\_  
( ) Lerarskule Kor lengre? ( ) år Kvar? \_\_\_\_\_  
( ) Andre skular Kor lengre? ( ) år Kvar? \_\_\_\_\_  
( ) Har ikkje tidlegare studert ved universitet eller høgskule

- 3) Kva fag har du studert, og kor lenge?

---

---

---

---

- 4) Kva lærstad går du på, og kva år?  
Kryss av det rette svaret.

- 5) Sekte du på noko av dei tre andre journalistutdanningane i spm. 4?

( ) Nei  
( ) Ja

- 6) Visst du sakte på noko av dei andre journalistutdanningane i spm. 4, kva sakte du på?

1) \_\_\_\_\_ Kom du inn? ( ) Ja ( ) Nei  
2) \_\_\_\_\_ Kom du inn? ( ) Ja ( ) Nei  
3) \_\_\_\_\_ Kom du inn? ( ) Ja ( ) Nei

- 7) Kvifor valde du den studiestaden du no går på? Nenn gjerne fleire grunnar, og set dei viktigaste først.

-----  
-----  
-----

- 8) Kva er du minst fornøgd og mest fornøgd med ved studiet du no går på?  
Nemt gjerne fleire ting, men dei viktigaste først.

**Most forward med:**                            **Most forward med**

Next term we will ...

---

---

---

---

- 9) Utifrå ei heilskapsavurdering, kor fornøgd eller misnøgd er du med studiet?

( ) Svært godt fornøgd ( ) Godt fornøgd ( ) Både og  
( ) Litt misnøgd ( ) Svært misnøgd

- 10) Det er mange vegar inn i journalistyrket. Somme begynner å arbeide nesten uten formell utdanning, andre tek universitetsettledning og etter andre studerer journalistikk.  
Kvifor valde du å studere journalistikk?

Skriv opp dei grunnane som betyr mest for deg, dei viktigaste først.

---

## 11) Kva krav vil du stille til det ideelle yrke?

Ulike personar har ofte ulike oppfatningar om kva krav dei vil stille til det idelle yrke. Nedanfor har vi sett opp nokre slike krav og ber deg krysse av for kvar einskild kor viktig det er for deg.

Det ideelle yrket for meg:	Svært Viktig	Viktig Lite	Ikkje Viktig
----------------------------	-----------------	----------------	-----------------

- a) Skulle gi sjansar for å utnytte mine evner og anlegg
- b) Skulle gjere det mogleg å tene godt
- c) Skulle gjere det moglege å drive skapande verksamd
- d) Skulle gi høg sosial status, respekt og prestisje
- e) Skulle gi sjansar for kontakt med menneske meir enn med ting
- f) Skulle gi grunnlag for ei stabil og sikker framtid
- g) Skulle vere eit yrke der ein stort sett slapp å verte overvåka av andre
- h) Skulle gi høve til å verte leiar for andre
- i) Skulle vere spennande og oppleningsrikt
- j) Skulle gi høve til å vere hjelpsam mot andre
- k) Skulle ha kort arbeidstid og gi mykje fritid
- l) Skulle gjere det mogleg å bu der eg kjem frå
- m) Skulle gjere det mogleg å bu på landet
- n) Skulle gjere det mogleg å bu i byen

## 12) Sjå gjennom punkta i spørsmåla ovenfor og plukk ut dei tre krava frå a) til n) som du meiner er viktigast for deg; ranger dei og set det viktigaste først.

Viktigast for meg er:  Derneast kjem:  Så kjem:

## 13) Kva ønskjer du helst å gjere etter studiet? Eg tenkjer no ikkje på sommarjobbar eller liknande. Kryss av eit alternativ og forklar.

- Begynne å arbeide som journalist  
Kva media?  Avis  
 Radio  
 Film/fjernsyn  
 Andre media: -----

Kvífor? -----

- Andre planar.  
Kva for planar? -----

Kvífor? -----

- Veit ikkje/Har ikkje bestemt meg

## 14) Nedanfor står ein del grunngjevingar for kvífor folk vel å arbeide i massamedia. Kor viktige var desse grunngjevingane for deg då du valde å bli journalist?

Viktig	Litt Viktig	Ikkje Viktig
--------	----------------	-----------------

- a) Materielle grunnar (god løn, gode arbeidstilhøve, godt utgangsfor karriere, o.l.)
- b) Interesse- og haldningsgrunnar. (Likar å skrive, reise og å treffen andre menneske, mislikar rutinearbeid, o.l.)
- c) Politiske, idealistiske grunnar (Ynokjer å formidle ein bestemt boddakap effektivt, ynokjer å fremje interessene og kunkskapane om ei bestemt side side av samfunnslivet, o.l.)
- d) Miljøgrunnar (det er journalistar i familien eller blant nære venner, o.l.)
- e) Reint tilfeldige grunnar (Starta i tilfeldig feriejobb, var arbeidaledig og søkte på ledige jobbar, o.l.)

## 15) Ranger dei tre momenta som talde mest for deg.

Viktigast var:  Derneast kom:  Så kom:

## 16) Arbeidde du som journalist før du begynte på journaliststudiet?

- Ja  Nei

## 17) Visa du arbeidde som journalist, kva slags arbeid (stilling)?

- Fast stilling. Varte i \_\_\_\_\_ månader
- Vikariat/føste vakter. Varte i \_\_\_\_\_ månader

18) Kor mykje har du arbeidd som frilans?

- ( ) Fast frilans for ein eller fleire arbeidsgjevarar
- ( ) Frilans, ikkje fast.
- ( ) Litt frilans, tilfeldige jobbar
- ( ) Har ikkje jobba frilans

19) Kor mange år jobba du frilans? ---- år

20) Var arbeidet lønna?

- ( ) Ja
- ( ) Nei
- ( ) Delvis lønna

21) Kvar hadde du det meste av journalistpraksisen?

Kryss av

- ( ) I bymiljø (Over 10.000 innbyggjarar på staden der redaksjonen heldt til)
- ( ) I bygdebymiljø (Under 10.000 innbyggjarar på staden der redaksjonen heldt til)
